

Oversikt over Bakkeplaneringsprosjekt, og kva tiltak som gjenstår for ferdigstillelse

1. Området nr1 er ferdigstillt som planeringsområde og i full jordbruksdrift. Området har hatt 3 vekstskifter sidan ferdigstillelse.

Her er påvist eit punkt med Parkslidrekne i ein kantsone. Tiltak er iversatt og oppfølging vert ivaretatt.

2. Område nr 2 er ferdigstillt som planeringsområde for ein god del år siden, og er i full jordbruksdrift. Området vil 2022 få sitt tredje vekstskifte, då det andre vekstskifte som vart gjennomført i fjor var mislykka. Ingen tiltak gjenstår.
3. Område nr 3 er ferdigstillt som planeringsområde og i full jordbruksdrift. Ingen tiltak gjenstår
4. Område nr 4 er ferdigstillt som planeringsområde og i full jordbruksdrift. Ingen tiltak gjenstår.
5. Område nr 5 Her er sjølve planeringsområdet ferdigstillt og i full jordbruksdrift. Gjenstår tillstelling av kantsoner og fyllingskråningar spesielt i nord, men også noko mindre i aust.
6. Område nr 6 Pågående planeringsområde som er i slutt fasen av utfylling. Rekner å vere ferdig fullt ut og planert no i løpet av April 2022. Området går no over i dyrkningsfasen som vil pågå i vekstsesongen 2022. Området har også ein skjemmande fyllingskråning mot sør, denne vert prioritert som arbeid nr 2 etter å ha fått dyrka og tilsådd hovudområdet som første prioritet.

Driftsvegar. Under driften av jordpåfyllinga var det mange driftsvegar inne på området, mange av dei er fjerna att og det er dyrka over. Vegane rundt dei ulike jordtippene er ynskjeleg å la bestå som driftsvegar i jordbruket. Etter avtale med saksbehandlar, skal dei vegane eg ynskjer å behalde omsøkjast når prosjektet er ferdig, samtidig har eg planer om å søkje om å byggje ein ny jordbruksveg i sommer, eg tenkjer då å samkøyre desse vegsøknadane å sende dei inn ilag.

Vannprøvetakingspunkt. Her er 2 vannprøvetakingspunkt, Vannprøver vil ein fortsetje med å ta nokre år fremover.

Fangdam/reusepark området. Årlig vedlikehold trengst som å rense fangdammer, tilså med fangvekster m.m.